

Prioritering av tiltak

Masterplan Vågåmo



Forutsetningar for prosjektet

- Med så mange prosjekt på gang i Vågåmo, var det viktig for Vågå kommune å starte arbeidet med å utarbeide ei overordna Masterplan
- Masterplan er ikkje eit juridisk bindande dokument, men ein visjon om framtida. Dokumentet KAN legge grunnlaget for ei revidering av reguleringsplanar / kommuneplanar i vidare arbeid
- I fase to har vi hatt brei involvering av innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv i Vågå. At man har kome med forslag til tiltak betyr **ikkje** at tiltaket blir gjennomført eller kan gjennomførast, men forslaget vil bli teke med i ei heilheits vurdering

Proessen



**Draume
Idear**



**Design
Prioritere**



**Utvikle
Bygge**

Analyse og kartlegging i fase 1

- I fase 1 av masterplan prosjektet vart det kartlagt styrker og utfordringar i Vågåmo
- Det var summert 7 punkt som vi har valt å jobbe vidare med og tiltaka skal bygge opp under desse
 1. STYRKE DEN HISTORISKE SENTRUMSKJERNEN
 2. LEGGE TIL RETTE FOR VIDARE VEKST OG NYETABLERING
 3. IDENTITSBYGGING – BYGGE VIDARE PÅ HISTORISKE OG IDENTITETSSKAPANDE ELEMENT
 4. DESTINASJONSBYGGING – STYRKE VÅGÅMO SENTRUM SI ROLLE SOM DESTINASJON
 5. AKTIVISERE GRØNSTRUKTUREN
 6. REDUSERE BARRIEREVERKNAD
 7. MOBILITET PÅ DEI MJUKE TRAFIKANTANE SINE VILKÅR

Involvering og innspel i fase 2 og vegen vidare

- I fase 2 vart det samla inn innspel frå innbyggjarar, organisasjonar og næringsdrivande i Vågå
- Det blir presentert ei bruttoliste med foreslegne tiltak, så ingen av tiltaka er prioritert eller realitetssjekka
- Tiltaka er forsøkt sortert innunder kvar av dei 7 punkta, men fleire kan passe innunder fleire av punkta
- At tiltaket er foreslått, betyr IKKJE at det blir gjennomført eller at det kan gjennomførast.
- Men gje gjerne dine innspel til Vågå kommune, om du har tiltak som du meiner er særdeles viktig at Vågå kommune prioriterer
- Har du fleire idear som ikkje står på lista, så send dei gjerne inn!

Prioriterte tiltak
Kort sikt – 2023



Prioriterte tiltak
Lang sikt – 2024 -2028



Ikkje realiserbare tiltak



Tiltak for gode til å bli gløymt, men
som krev eit lite «mirakel»



1: STYRKE DEN HISTORISKE SENTRUMSKJERNEN

Gjennom å:

- vidareføre eit rikt og variert handels- og tenestetilbod.
- oppretthalde konsentrasjon av publikumsretta aktivitet.
- utforme samanhengande offentlege uterom av høg kvalitet, tilrettelagd for aktivitet og opphald
- legge vekt på at bygg er utforma og aktivitetar plassert slik at dei
- bidrar til å aktivisere uteromsnett
- sikre ein stadstruktur utforma på
- gåande og syklande sine premiss.
- framleis nytte den historiske bygningsmassen til publikumsretta aktivitet.

I dei sentrale byromma er det behov for å:

- auke attraktiviteten i område som har vegpreg / er dominerte av overflateparkering.
- knyte eksisterande uterom betre og tydelegare saman. Dette gjeld også på tvers av Vågåvegen
- ha fokus på at uteromma skal eigne seg både til kvardags og ved arrangement som samlar mange.

Foreslegne tiltak frå involveringsmøter:

| | |
|---|---|
| 1 | Knytte område ved Power betre mot sentrum |
| 2 | Flytte musikkpaviljongen |
| 3 | Vurdere bustader på Vågå handelsforening |
| 4 | Bokhandelen: Vanskeleg tilkomst med bil (inn-/utkøyring) |
| 5 | Bokhandelen: Trang innkjøring på grunn av grøntområde. Særleg ved varelevering då lastebil blokkerer. |
| 6 | Bypreg på gatene. Husfasadar som følger langs gater. |

| | |
|----|---|
| 7 | Tillate ny moderne arkitektur saman med gamle bygg |
| 8 | Takoverbygg i sentrum. |
| 9 | Endre fokus frå handelssentrum til andre aktivitetar |
| 10 | Opningstider; Koordinere opningstider. Søke om søndagsopne butikkar. |
| 11 | Gågate - permanent eller sesong (sommar, jul) - Utfordring: Auka trafikk i Brennvegen ved gågate i Moavegen |
| 12 | Åpne opp biblioteket mot gateplan |

2: LEGGE TIL RETTE FOR VIDARE VEKST OG NYETABLERING

For å møte ønske om vidare vekst og utbygging er det behov for å vurdere:

- lokalisering av større handelsformat, med sine behov til parkering og økonomifunksjonar, og vege dette opp mot behov for funksjonskonsentrasjon i den historiske sentrumskjernen.
- lokalisering av fleire sentrumsnære bustader.
- fortettingspotensial.

I utforming av ny utbygging må det vere særleg fokus på:

- å unngå konflikt med eksisterande kvalitetar, og ha som mål å tilføre nye.
- plassering og utforming med eit bevisst forhold til omliggande uterom, slik at ein unngår at desse vert prega av parkering og økonomifunksjonar.
- skala/byggehøgde tilpassa eksisterande forhold samstundes som ein sikrar gode utviklingsmoglegheiter. Det bør særleg vurderast om delar av sentrum kan tole noko auka byggehøgde.
- ny utbygging bør tilføre større variasjon i typologiar og bidra til fortsatt funksjonsmangfald i sentrum.

Foreslegne tiltak frå involveringsmøter:

| | |
|----|---|
| 13 | Ny reguleringsplan for industriområde - aktivitetsplikt og bedre utnytting |
| 14 | Etablere næringsgruppe på industriområde |
| 15 | Konseptkonkurrans for området i Grindstugulego. Leiligheter i Grindstugulego |
| 16 | Tiltak for å få privatpersonar til å dele tomtane sine/selje tomt. Dele opp tomter. |
| 17 | Lage kart over og marknadsføre ledige tomter. |
| 18 | Utnytte tomtene betre |
| 19 | Makebyte mellom Coop og Smedsmo. Coop får Halland og Vågå kommune flytter parkeringa til Smedsmojordet. Involvere Vågå idrettslag for å få tilgang til areal på Halland |

| | |
|----|--|
| 20 | Parsell / småbruk i nærheten av sentrum |
| 21 | Motell / minihuslandsby |
| 22 | Friskmelde områder som er flom og rasutsatt |
| 23 | Bygge fleire bustader til førstegangskjøparar. Samarbeid private - husbanken for bygging av bustader |
| 24 | Opne for auke byggehøgde og utnyttingsgrad |
| 25 | Kombinere bustad og næringsareal. |

3: IDENTITSBYGGING - BYGGE VIDARE PÅ HISTORISKE OG IDENTITETSSKAPANDE ELEMENT

- Vidareføre verdifulle bygg, historiske spor og identitetsskapande element i sentrum.
- Sjå på moglegheitene til å vidareføre sentrumsnært jordbruksareal og nye måtar å integrere dette med øvrige sentrumsfunksjonar.
- Styrke aksen mellom Ullinsvin og kyrkja

Foreslegne tiltak frå involveringsmøter:

| | |
|----|--|
| 26 | Handverklandsby med verkstad, utsal, kafé og samlingspunkt knytt til Ullinsvin og Jutulheimen (geografien kan diskuterasst). |
| 27 | Synleggjere bakstehuset |
| 28 | Heilårstilbod: Vinterarrangement i sentrum. |
| 29 | Laurdagsaktivitet i gågata er positivt og gjerast meir av |
| 30 | Utvikle området mot Jutulporten. Knyte mot friområde/Jutulheimen |
| 31 | Styrke aksen mellom kyrkja og Ullinsvin. Kreative løysingar. Sjå Superkilen i København for inspirasjon. |
| 32 | Knyte Ullinsvin og Jutulporten nærare sentrum |

| | |
|----|---|
| 33 | Kunst i sentrum. |
| 34 | Arrangementskoordinator |
| 35 | Involvere heile sentrum i aktivitetar og arrangement |
| 36 | Involvere næringslivet i heile sentrum, unngå todeling. |
| 37 | Vise frem meir matkultur. Ikkje berre blommar i sentrum, men også grønnsakar. |

4: DESTINASJONSBYGGING – STYRKE VÅGÅMO SENTRUM SI ROLLE SOM DESTINASJON

Det er behov for:

- tiltak for å få fleire forbireisande til å stoppe opp
- å legge godt til rette for gjennomføring av større arrangement (infrastruktur, parkering, arena av ulik art og storleik som fungerer både til kvardags og under større arrangement)
- å synleggjere rolle som innfallsport til fjella og nasjonalparkstatus.

Foreslegne tiltak frå involveringsmøter:

| | |
|----|--|
| 38 | Sommaropent basseng tilbod for reiseliv. |
| 39 | Helse og rekreasjon som næring |
| 40 | Økt aktivitet/attraksjon/blikkfang ved rundkjøringane |
| 41 | Tilrettelegge for bubilar i sentrum. Strøm og eluttak for lading av bubil (kan også nyttast ved arrangement) |
| 42 | Skilting / synleggjering av eksisterande tilbod |
| 43 | Offentleg toalett. Fancy modell. Gjerne med betaling. |
| 44 | Zip-line over vatnet |
| 45 | Fast infrastruktur til festivalar. Straumuttak. |

| | |
|----|--|
| 46 | Tilrettelegge for fleire små og store arenaer i sentrum. Manglar areal for eksempel til tivoli og sirkus |
| 47 | Manglar eit stort innandørsområde for arrangement og messer |
| 48 | Skilting: Inn til sentrum og innad i sentrum. Til badeplassen. Ved innfartsportene. Turstiar |
| 49 | Behov: plan for alternative køyreveggar inn til og inne i sentrum når sentrum er strengt for arrangement |
| 50 | Viewpoint-hytte. Hytte på utsiktspunkt, med overnattingsmoglegheit |

5: AKTIVISERE GRØNSTRUKTUREN

Det er behov for å:

- behalde og styrke eksisterande gangsamband og turløyper mot og gjennom sentrum.
- Knyte grønstrukturen godt mot nye utbyggingsområde.
- Fokus på nærturar og aktivitet i sentrum, med tydeleg samband til dei store friluftssinteressene i fjellområda.
- Tilføre enda fleire målpunkt og stader tilrettelagt for opphald og aktivitet undervegs. Særleg potensial er det i områda langs og i elv/vatn.

Foreslegne tiltak frå involveringsmøter:

| | |
|----|--|
| 51 | Leikemoglegheiter i tillegg til Moajordet, andre stader i sentrum |
| 52 | Turkart over sentrum fysiske kart og nærturar er etterspurd av besøkande |
| 53 | Fortette brukt areal. Fleire attraksjonar og aktivitetar. |
| 54 | Universelt utforma turstigar - eksempelvis langs Finna og Vanglandet |
| 55 | Rydding av turstigar. Gjere eksisterande meir synlege. |
| 56 | Trapper opp til Nordherad |
| 57 | Utvikle Dompe |

| | |
|----|---|
| 58 | Utvikle området mot Jutulporten. Knyte mot friområde/Jutulheimen |
| 59 | Badedammen på Smedsmo; Utvikle området som ein synleg innfalsport til Vågå. Gjere meir tilgjengeleg for innbyggjarar og turistar. Tilrettelagt for parkering ved YX |
| 60 | Vidareutvikle Villa-parken; bowl-bane. betongpark til skating. fleire aktivitetar og auka aktivitetsnivå |
| 61 | Utvikle Halland; Bygge tak over kunstgraset. Amfi. Benytte ved store arrangement. Komprimere idrettsfunksjon for å frigjere areal. Treng ikkje tre baner. |
| 62 | Rydding av skog mot rv 15 |
| 63 | Rydde vegetasjon i og rundt sentrum. |

6: REDUSERE BARRIEREVERKNAD

Vågåvegen:

- Det er behov for betre og tydlegare kopling over Vågåvegen for å redusere barriereverknad.
- Aktuelle verkemiddel kan vere:
 - tilføre fleire fotgjengarkryssingar
 - utnytte uteromspotensialet aust for Vågåvegen betre, og knyte dette tydeleg opp mot kvalitetane vest for vegen
- bevisst utforming av eventuelle nye bygg som vender seg mot Vågåvegen.
- tiltak for å betre trafikksikkerheit i skuleområdet.

Finna

- Behov for å redusere barriereverknad frå og mot Finna må vurderast nærare, og må sjåast i samanheng med naturfare. Dersom det kjem meir informasjon om aktuelle flaumsikringstiltak vil dette kunne inkluderast som kunnskapsgrunnlag.
- Det må vere eit generelt mål at eventuelle landskapsinngrep i samband med flaumsikring får ei attraktiv og fleirfunksjonell utforming, slik at dei kan tilføre visuelle og bruksmessige kvalitetar.
- Andre aktuelle verkemiddel kan vere:
 - brukryssing(ar) over Finna
 - tilrettelegging for variert bruk langs Finna.

Foreslegne tiltak frå involveringsmøter:

| | |
|----|---|
| 64 | Gangbru over Finna |
| 65 | Betre gangveg frå Smedsmo til sentrum |
| 66 | Vågåvegen: Veg til gate bør vurderast |
| 67 | Sikre overgang ved kyrkja med lys |
| 68 | Bokhandelen; Fleire køyrer ut ved fotgjengarovergang. Skiltast/sperrast? |
| 69 | Tilrettelegge for vassarrangement langs Finna - Pappbåtkonkurranse |
| 70 | Bruk av Vågåvatnet: Vannbygda Vågå. Unik arena for båtsport. Meir aktivitet, sommar og vinter. Skøyteplass. |
| 71 | Bruk av Vågåvatnet: Fleire båtplassar. Utvide bryggeanlegget. |
| 72 | Bruk av Vågåvatnet: Flytande basseng med hoppetårn. |
| 73 | Bruk av Vågåvatnet: Toalett og omkleddingsrom i Vanglandet |
| 74 | Bruk av Vågåvatnet: Større strand. Sandstrand med sand frå Lom. |
| 75 | Tilrettelegge for vassarrangement langs Finna - Aktivitet med kajakk og gummibåt. |

7: MOBILITET PÅ DEI MJUKE TRAFIKANTANE SINE VILKÅR

- Redusere barriereverknad frå Vågåvegen (sjå pkt 5)
- Oppretthalde avgrensa gjennomkøyringsmoglegheiter i bustadområda.
- Vurdere permanent gågate i øvre delar av Moavegen. Inkludert løysingar for varelevering og økonomifunksjonar.
- Parkeringsareal - reduksjon og/ eller samling av eksisterande plassar. Legge til rette for løysingar som kan fungere både til kvardags og under arrangement med mange tilreisande.

Foreslegne tiltak frå involveringsmøter:

| | |
|----|--|
| 76 | Felles parkeringsløysingar. Spelt inn for Ullinsvin-Jutulporten-Dompe og Jutulporten - Friområde |
| 77 | Betre trafiksikring i skuleområde; Hjartesone. Tidsstyrt bom for å styre trafikken. behov også mellom helsesenteret og skulen. Løysing så ungane slepp å krysse vegen ved levering |
| 78 | Halland parkeringen - Utnytte p-plassen betre, med fokus på plassfunksjonen. |
| 79 | P-plass v/ kommunehuset for turistar, Halland for kommunen |
| 80 | Stimulere til meir bruk av sykkel |

| | |
|----|--|
| 81 | Gangveg Langskåre - sentrum |
| 82 | Gangveg mellom Kvarbergåsen og sentrum |
| 83 | Betre tilrettelagd sykkelparkering ved offentlege bygg og funksjonar |
| 84 | Vågå hotell: Ingen naturleg tilgang for gåande mot hovedinngang til hotellet |
| 85 | Park og parkeringsplasser rundt Bunnpris-bygget |
| 86 | Behov: Ekstra parkeringsareal ved arrangement |

8: ANDRE TILTAK

- Det er mange overordna tiltak som ikkje passar inn andre plassar

Foreslegne tiltak frå involveringsmøter:

| | |
|----|---|
| 87 | Biblioteket: meir aktivitet utleie av meir enn berre bøker. Til dømes lisensar, symaskin. |
| 88 | Opprette ein app for oversikt over tilbud og dialog |
| 89 | Profilering på digitale flater |
| 90 | Sentrumskart med QR-kode |
| 91 | Sosial arena for ungdom (innandørs). Kan treffast, sjå fotball, gjere aktivitetar |

| | |
|----|--|
| 92 | Tilgang på produksjonskjøkken |
| 93 | Sykkelguiding |
| 94 | Behov for dialog med hytteeigarar |
| 95 | Stimulere til etablering av arbeidsplassar til folk med høgare utdanning |